



Arkivnr: 2015/203-22

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 350 mill. kr

Samandrag

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 30. oktober 2015. Ein har fått inn tilbod på nytt lån frå 5 bankar. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 12 mnd. sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets. Renta fram til 28. oktober 2016 er 1,455 %.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 350 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av Nordea Markets. Renta fram til 28. oktober 2016 er 1,455 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.10.2015

Eit 12-månaders sertifikatlån på 350 mill. kr forfell den 30. oktober 2015. Renta på lånet har vore 1,69 % siste året.

For tida er rentenivået om lag det same anten ein tek opp lån på 3 mnd. eller 12 mnd. Ein kan til og med få fastrentelån på inntil 3 år til om lag same renta.

Det er forventning om at Norges Bank vil setje ned renta ytterlegare i løpet av det første året, og at renta vil bli liggjande på eit lågt nivå i fleire år framover. Dermed synest det ikkje å ha noko hast med å binde renta på størst mogleg del av porteføljen. Rentnivået kan gå ytterlegare ned om ein ventar nokre månader. Dette resonnementet tilseier at ein no bør låne kortsiktig, t.d. 3 mnd.

På den andre sida er det ønskjeleg å sikre seg langsiktig finansiering. Fylkeskommunen har for tida 7 sertifikatlån, 4 på 3 mnd. og 3 på 12 mnd. Det er ein viss refiansieringsrisiko og noko arbeid med å ha mange lån som skal fornyast kvar 3. månad. Det hjelper mykje om ein forlengar løpetida til 12 mnd.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit 12 månaders sertifikatlån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde, og ein har fått inn desse tilboda:

	<u>Nominell rente</u>
Nordea Markets	1,455 %
Danske Markets	1,460 %
DNB Markets	1,468 %
Swedbank	1,510 %
SEB Merchant Banking	1,550 %

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Nordea Markets.